



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Til adresseliste

Vår dato: **16 DES 2009**

Vår ref.: NVE 200708893-7 kv/jfj

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Jakob Fjellanger

22 95 92 13

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Åkraelva Kraftverk AS – Søknad om løyve til bygging av Åkraelva Kraftverk i Kvinnherad kommune, Hordaland – høyring

NVE har motteke søknad frå Åkraelva Kraftverk AS, datert 23.10.2009, om løyve til å bygge Åkraelva kraftverk i Kvinnherad kommune.

Åkraelva Kraftverk AS ønskjer å utnytte fallet i Åkraelva til kraftproduksjon i eit småkraftverk. Brutto fallhøgde er 295 meter mellom hovudinntaket på kote 335 og utløpet på kote 40. Kraftverket skal plasserast ved elvemøtet mellom Åkraelva og Øvstebøelva (Vikaelva). Vatnet skal førast i nedgrave røyr (hovudrøyrret), som i stor grad vil fylgje eksisterande traktorveg/skogsbilveg på vestsida av elva. Traséen til hovudrøyrret vil verte omlag 2,1 km lang. I tillegg er det søkt om å overføre vatn frå bekkeinntak på kote 350 i Raunelielva og på kote 340 i Stølselva. Vatnet førast i eit nedgrave røyr som skal koplast til hovudrøyrret på kote 270. Eksisterande skogsbilveg/traktorveg langs røyrtraséen må rustast opp, og det må byggjast omlag 50 meter ny veg knytt til bekkeinntaka. Eksisterande veg frå Årtun må rustast opp og forlengast noko fram til kraftstasjonstomta. Kraftverket er planlagt med ei maksimal slukevne på 2,2 m³/s, ei installert yting på 5 MW og forventa årsproduksjon på omlag 14,5 GWh. Det er planlagt å sleppe ei minstevassføring tilsvarande 5-persentilen, berekna til 61 l/s på sommaren og 32 l/s på vinteren.

Det er òg søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Åkraelva Kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Søknaden med vedlegg vert lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den vert kunngjort av NVE. Kopi av kunngjeringa ligg ved. Viss de ønskjer papirutgåve av søknaden, kan de kontakte Åkraelva Kraftverk AS på tlf. 53 49 60 64 eller e-post: sture.karlsen@skl.as.

NVE ber Kvinnherad kommune leggje to eksemplar av søknaden ut til offentleg ettersyn på Tørris J. Wågen Landhandel i Åkra, Kvinnherad Bibliotek på Husnes og i Rådhuset i Rosendal fram til **19.02.2010**. Det eine eksemplaret kan, om naudsynt, lånast ut for kortare tid (2-3 dagar). Det andre må ikkje fjernast frå utleggingsstaden.

Vi syner elles til vedlagde informasjonsark som forklarar sakshandsaminga frå saka vert sendt på høyring til endeleg vedtak. Av dette går det fram kva for tilbakemelding vi ønskjer.

NVE føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker så snart som mogeleg og seinast innan **19.02.2010**. I tillegg kan ein sende fråsegner per e-post til nve@nve.no eller per post til: NVE, Konsesjonsavdelinga, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo.

Fråsegner eller delar av fråsegna vert referert i eit endeleg vedtak. Om fråsegna er lang, er det difor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Med helsing



Jens Aabel
seksjonssjef



Jakob Fjellanger
Jakob Fjellanger
overingeniør

3 vedlegg Kunngjeringstekst
Informasjonsark om vidare saksgang
Adresseliste

Kopi Åkraelva Kraftverk AS, c/o SKL Produksjon AS, Postboks 24, 5401 Stord

Adresseliste for: Bygging av Åkraelva kraftverk

Handsamast etter: Vassressurslova

Vert kunngjort av NVE ved CIA Media Marketing 1 gong i: Kvinnheringen og Haugesunds Avis

Kopi: Alle på vedlagte adresselinje
7 Kvinnherad kommune, Rådhuset, 5470 ROSENDAL
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN
Kvinnherad Energi, 5464 DIMMELSVIK
Forum for natur og friluftsliv i Hordaland, v/Bergen Turlag, Tverrgt. 4/6, 5017 BERGEN
Naturvernforbundet i Hordaland, Postboks 1201 Sentrum, 5811 BERGEN
NJFF – Hordaland, Tverrgt. 4/6, 5017 BERGEN
Kvinnherad Turlag, v/Anne Kari Enes, 5470 ROSENDAL
Norges padleforbund: Serviceboks 1 Ullevål stadion, 0840 OSLO

Interne:

1 KD/EHY
1 ER/SHS
1 KM/IAS



RUTINER FOR SAKSHANDSAMING VED SØKNAD OM KONSESJON ETTER VASSRESSURSOVA § 8 DER NVE KAN GI LØYVE

Generelt

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har heimel til å gi løyve i saker som ikkje gjeld kraftproduksjon og i saker som gjeld små kraftverk (installert effekt under 10 MW), medan løyve til større kraftutbyggingar vert gjeve av Kongen i statsråd.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gi løyve. Føremålet er i gi høyringsinstansane ei samla oversikt over kva vi ønskjer at offentlege forvaltningsmyndigheiter legg vekt på i deira fråsegn.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE publiserer søknaden med vedlegg på www.nve.no/konsesjonssaker når saka vert lagt ut til offentlig gjennomsyn.

Vi sender samstundes høyringsbrevet til dei kommunane, fylkesmenn, fylkeskommunar, interesseorganisasjonar og statlege forvaltningsorgan som saka vedkjem. Saka vert kunngjort i ei eller fleire aviser i distriktet, og kommunen legg søknaden ut på eit eller fleire offentlege kontor der den kan studerast og eventuelt lånast. Vedlagte adresseliste viser kva for høyringsinstansar som mottok dette høyringsbrevet.

Søkjaren får høve til å gi kommentar til innkomne fråsegner før NVE avsluttar handsaminga. Som eit ledd i handsaminga følgjar ei synfaring der dei som har uttala seg til saka inviterast til å delta.

NVE skal foreta ei vurdering av alle sider ved saka, og står fritt til å vurdere om løyve skal gis og i kva for ein grad. Søknaden og innkomne fråsegner er viktige grunnlag for denne vurderinga.

Dersom NVE gjev løyve, vil vi knytte vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte føresegnar om byggefristar, reguleringshøgder, slepp av minstevassføring, godkjenning av planar med omsyn til miljø og tryggleik, tersklar, erosjon, naturforvaltning, fornminne og sanksjonsbestemmingar ved eventuelle brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunkt underretninga er kome fram til parten.

Dersom det er søkt om løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk og/eller for høgspent overføringsanlegg, vil vi gi naudsynte konsesjonar samstundes med at saka etter vassressurslova avgjerast endeleg.

Kva forventar NVE av høyringsinstansane ?

Føremålet med høyringa er å få synspunkt på dei framlagde planane. Vi ønskjer grunngitte synspunkt på om planane bør gjennomførast, eventuelt val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. NVE ønskjer òg grunngitte forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane, og forslag til eventuelle vilkår.

Kommunen bør spesielt omtale tilhøve knytt til kommuneplanen. I tillegg bør de gi ei oversiktleg framstilling av tilhøvet mellom den framlagde planen og dei lokale interessa.

Fylkesmannen bør i si fråsegn legge særleg vekt på tilhøva omkring forureining, landbruk, miljø (medrekna biologisk mangfald) og beredskap. Fylkeskommunen bør tilsvarende leggje vekt på kulturminne.

Vi føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker. I tillegg er det mogleg å sende fråsegner per post, NVE, postboks 5091, Majorstua, 0301 Oslo, eller e-post til nve@nve.no